

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

4. Fylkesutvalet legg til grunn at investeringsevne, omstillingsvilje og omstillingskapasitet i næringslivet blir viktig for klimaomstilling, Det vidare arbeidet med klimaplanen må difor vera tett kopla til prosessen med regional plan for innovasjon og næringsutvikling.»

Terje Søviknes (FrP) sette fram slikt forslag (1):

«Alternativ

1. Fylkesutvalet sluttar seg til at planen sine hovudinnsatsområde er klimaomstilling ved å redusere klimagassutsleppa, klimatilpasse samfunnet og å ivareta naturmangfaldet i Vestland.

2. Fylkesutvalet sluttar seg til at vi i det vidare arbeidet fokuserer på utsleppsreduksjon ved å;

- 1) redusere klimafotavtrykket til Vestland
- 2) redusere direkte klimagassutslepp i tråd med internasjonale forpliktelser

3. Det vidare arbeidet tek utgangspunkt i den førebelse tematiske inndelinga;

- Redusere direkte utslepp frå Vestland
- Redusere klimafotavtrykket til Vestland
- Trygt og robust Vestland
- Klimarettferd
- Ivareta naturverdiane i Vestland
- Berekraftig samfunnsutvikling

Terje Søviknes (FrP) sette fram slikt forslag (2):

«Tillegg - nytt punkt 2b

Alle mål og tiltak knytt til utsleppsreduksjonar skal kost/nytte vurderast og konsekvensutgreiast.»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, MDG, SP, V og KRF fram slikt forslag:

«Tillegg - nytt punkt (mellom punkt 1 og punkt 2)

Fylkesutvalet meiner derfor det er behov for å

- ta i bruk klimabudsjettet og klimarekneskap aktivt som del av klimaplanen saman med økonomibudsjettet
- utarbeide eit arealrekneskap som gir oversikt over arealendringar, kartleggingsbehov og status for økologisk tilstand, behov for restaurering og trendar for naturmangfald i fylkets kommunar.»

Aleksander Øren Heen (SP) sette på vegner av SP, SV, A, MDG, V og KRF fram slikt forslag:

«Tillegg

Fylkesutvalet ber administrasjonen merke seg ordkiftet i saka, og dei spørsmålsstillingar som vart røyst, i det vidare planarbeidet.»

Alfred Bjørlo (V) sette på vegner av V, SP, SV, A, MDG og KRF fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2

- Fylkesutvalet sluttar seg til at vi i det vidare arbeidet fokuserer på utsleppsreduksjon ved å;
- 1) Redusere klimafotavtrykket til Vestland
 - 2) Redusere klimagassutslepp med mål om nullutslepp innan 2030.»

Avrøysting

Søviknes sitt forslag (1) fekk 4 røyster (FrP, FNB, U) og fall.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 1 og punkt 3 fekk 13 røyster (SP, A, SV, MDG, H, KRF, V) og vart vedteke mot 4 røyster (FNB, U, Frp).

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Bjørlo sitt forslag 13 røyster (SP, A, SV, MDG, H, KRF, V) og vart vedteke mot 4 røyster (FNB, U, Frp).

Hammer sitt forslag fekk 11 røyster (SP, A, FNB, SV, MDG, KRF, V) og vart vedteke mot 6 røyster (U, H, FrP).

Søviknes sitt forslag (2) fekk 7 røyster (FNB, U, H, Frp) og fall.

Distad sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (U).

Øren Heen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (FNB).

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til at planen sine hovudinnsatsområde er klimaomstilling ved å redusere klimagassutsleppa, klimatilpasse samfunnet og å ivareta naturmangfaldet i Vestland.
2. Fylkesutvalet meiner derfor det er behov for å
 - ta i bruk klimabudsjettet og klimarekneskap aktivt som del av klimaplanen saman med økonomibudsjettet
 - utarbeide eit arealrekneskap som gir oversikt over arealendringar, kartleggingsbehov og status for økologisk tilstand, behov for restaurering og trendar for naturmangfald i fylkets kommunar
3. Fylkesutvalet sluttar seg til at vi i det vidare arbeidet fokuserer på utsleppsreduksjon ved å;
 - 1) Redusere klimafotavtrykket til Vestland
 - 2) Redusere klimagassutslepp med mål om nullutslepp innan 2030.
4. Det vidare arbeidet tek utgangspunkt i den førebelse tematiske inndelinga;
 - Fjerne direkte utslepp frå Vestland
 - Redusere klimafotavtrykket til Vestland
 - Trygt og robust Vestland
 - Klimarettferd
 - Ivareta naturverdiane i Vestland
 - Berekraftig samfunnsutvikling
5. Fylkesutvalet legg til grunn at investeringsevne, omstillingsvilje og omstillingskapasitet i næringslivet blir viktig for klimaomstilling, Det vidare arbeidet med klimaplanen må difor vera tett kopla til prosessen med regional plan for innovasjon og næringsutvikling.
6. Fylkesutvalet ber administrasjonen merke seg ordkiftet i saka, og dei spørsmålsstillingar som vart røyst, i det vidare planarbeidet.